

Uttale / fråsegn til NVE i samband med Miljødirektoratet sitt forslag til «Runde 3» den nasjonale rammeplan for vindkraft , 1. februar 2019

Lindås kommune har areal som vert berørt av «Nasjonal ramme for vindkraft på land». Vi viser til vedtak i kommunestyret 13. september 2018 om areala i kommunen vår.

Lindås kommune støttar forslaget til Miljødirektoratet om at arealet som ligg aust for E39 i Romarheimsdalen er «klart uegnet» for vindkraft på land.

Vi vil gjere NVE og Miljødirektoratet merksam på fjellområda som ligg vest for E39 i Romarheimsdalen:


Vi meiner at dette arealet også er «klart uegnet» for framtidig vindkraftutbygging på land. I dette området er det både «nasjonale og vesentlige regionale interesser», jf. rundskriv T-2/16. I dette området er det også interesser som er av vesentleg tyding for kommunen sine innbyggjarar, og for natur- og kulturmiljø i kommunen. Kommunen har gjennom prosjektet kartlegging av friluftslivsområder etter M98/13 (2016) identifisert fleire viktige friluftslivsområder her: Stussdalen-Kalvedalshytta («Svært viktig»), Austlendingen («Viktig») og Mulskollen og Hustadfjellet («Viktig»). I regional friluftslivskartlegging (2008) har desse fjellområda i Lindås kommune «stor verdi».

I området vest for E39 i Romarheimsdalen går det eit samanhengande område med urørt preg frå Masfjorden over fjellområda og ned til Osterfjorden. Arealindikatoren for inngrepsfri natur viser eit areal på om lag 152,3 km². Det er svært få slike områder med urørt preg i Hordaland som strekkjer seg frå fjord-til-fjell-til-fjord. Fjellområdet er delt mellom Masfjorden og Lindås kommune, og det er naturleg å leggje vekt på heilskapen i dette området. Det er eit nasjonalt mål å ta vare på slike naturområder med urørt preg. I regionale planar har fjellområda her status som «Sårbart høgfjell» med «stor verdi». I regionale plan for små vasskraftverk 2009-2021 er det lagt vekt på å ivareta dette naturområdet. Landskapet i fjellområda vest for E39 har òg «stor verdi» i regional samanheng.

Det er knytt nasjonale interesser til naturen her. Eikefetvassdraget ligg sentralt i dette området og er del av Verneplan for vassdrag.

Det er særst viktig at området vest for E39 i Romarheimsdalen vert forvalta heilskapleg, slik at interesser knytt til natur, landskap, friluftsliv og kulturmiljø kan bli tatt vare på for framtida.

Lindås kommune ber NVE om å vektlegge dei lokale, regionale og nasjonale verdiane i fjellområda vest og aust for E39 i Romarheimsdalen, jf. vedlagt kart. Områda her er «klart ueigna» for framtidig vindkraftutbygging på land. Lindås kommune ber difor NVE om at desse verdifulle areala vert ekskludert i forslaget til «Nasjonal ramme for vindkraft på land».



Figur 1 Fjellområda vest for E39 har lokale, regionale og nasjonale natur- og miljøverdier. Området må forvaltast heilskapleg. Vi ber om at fjellområda vert definert som «klart ueigna» for framtidig vindkraftutbygging på land. Vi støttar også dei areala som Miljødirektoratet har definert som «klart ueigna» i fjellområda aust for E39 i Romarheimsdalen.